


MARIE FLATIN
913 63 818SVEIN NORDDAL
959 69 753KNUT ARNE AARSET
90918 475HELGE GLOPPEN
902 01 242JOHAN BEHRENTZ
902 01 228TERJE ENGÅS
926 28 830ANNE-MARI TOMASGARD
913 85 127

EKSPERTAR. Foran t.v. Norvald Røyset frå Rolls-Royce Marine saman med tre andre nordmenn samt representantar frå Tyskland, USA, Storbritania, Sveits, Finland og Japan. Saman jobbar dei for ein ny ISO-standard for gir.

Gira på gir

Verdas fremste ekspertar på gir har vore samla i Ulsteinvik.

ULSTEINVIK. – Denne samlinga har vore utruleg lærerik, seier Roald Håvik frå Scana Industrier i Volda.

Saman med kollega Henning Brautaset har Roald Håvik for første gong vore på møte med ISO komiteen med verdas fremste ekspertar på gir.

– Etter at vi kjøpte eit firma i Polen som produserer vinkelgir treng vi å lære om produktet, fortel dei to produktutviklarane frå Scana Industrier i Volda.

Under ein to dagar lang konferanse i Ulsteinvik har sju land vore representerte med tungvektarar frå både industri og forskingsinstitusjonar.

Ny ISO-standard. Sjefutviklar Norvald Røyset frå Rolls-Royce Marine er mellom dei som i fleire år har bidrege med sin kunnskap.

– Under denne samlinga har vi mellom anna jobba med å vidareutvikle standardar for spiral-



DEBUTANTAR. – Det finst så mange ulike standardar så det er eit stort behov for å finne ein god fellesstandard for gir som best kan skildre verkelegheita, meiner henning Brautaset og Roald Håvik frå Scana Industrier i Volda, som var med på sitt første møte med ISO-komiteen.

koniske tannhjul. Det handlar om berekningsreglar for kor stor effekt tannhjula kan overføre. Vi brukar det mellom anna i alle typar thrusterar og difor er det heilt avgjerande for Rolls-Royce Marine å kunne stole på kalkulasjonsmetodane, fortel Røyset.

Komiteen jobbar for å ha klar ein ny ISO-standard for gir som etter planen skal publiserast i 2012.

– Målet er å foreine det amerikanske- og tyske systemet i ein ny standard for gir, men med to berekningsmetodar, fortel Dr. Hans-Jürgen Trapp frå den tyske produsenten Klingelberg GmbH.

ISO

International Organization for Standardization (ISO) er ein internasjonal standardiseringsorganisasjon som gir ut standardar innanfor ein rekke område.

– Med ein slik ISO-standard vil ein ikkje berre kunne køyre berekningar med ei aksling i senteret av tannhjulsystemet. Ein vil også kunne berekne aksling noko utanfor senteret, legg Røyset til.

MARIE FLATIN
marie.flatin@smp.no

Utfør ved Almeningen

DÅRLEGE DEKK. Litt før klokka 15 onsdag var det trafikkuehell på Almeningen i Vågsøy. Ein personbil hadde kjørt utfor vegen og inn i ein fjellvegg mellom to tunnelar ved Almeningen i Vågsøy. Ingen kom til skade i utforkjøinga. Det blei oppretta sak på bilfører. Det var dårlege dekk på bilen hans.

Fartskontroll i Ørskog

VESTRE. Onsdag kveld var det fartskontroll i eit par timar på Vestre i Ørskog. Det vart skrivne ut 10 forenkla forelegg. Høgste fart var 71 kilometer i timen i 50 sona.

Utenfor livsfare etter ulykke

TOMREFJORD. Elektrikeren jobbet på en båt ved Havyard i Tomrefjord da han tirsdag ettermiddag ble skadd i en arbeidsulykke. Han fikk hjertestans da han fikk kraftig strøm gjennom kroppen. Han ble ifølge politiet gjenopplivet på stedet før han ble fraktet til sykehus i Molde. Onsdag ettermiddag meldte sykehuset at det står bra til med den 38 år gamle polske mannen. – Han er våken og utenfor livsfare. Han blir liggende her på sykehuset en stund til observasjon, forteller overlege Torgeir Sand Aas til Romsdals Budstikkes nettutgave. **NTB**

Følgjer opp skipstunnel

STADLANDET. Det skal brukast eit hundretal millionar kroner på fornying av trafikksentralane langs kysten det komande tiåret. Det kjem fram av Kystverket sitt handlingsprogram for 2010-2019.

– I store trekk er handlingsplanen ei oppfølging av Nasjonal transportplan, seier kystdirektør Kirsti Slotsvik til NTB.

Stad skipstunnel som er kostnadsrekna til vel 1,7 milliardar kroner har med det kome med i Kystverket sin handlingsplan med 200 millionar kroner frå 2014.

Men når verdas første tunnel for skip eventuelt kan stå ferdig tår ikkje kystdirektøren seie noko bestemt om.

Utbyggjar utan kontrakt

KYRKJESKARET. Astrid Lid vil korrigere ei opplysning i artikkelen «Strid om byggefelt i Haram» (Sunnmørsposten 6. oktober.) – Det står at Kyrkjeskaret AS og Per O. Hofseth, hadde avtale med grunneigarane. Dette stemmer ikkje. Verken eg eller Sigrid-Marit Veseli har nokon gong skrivne noka avtale med Hofseth. Tvert imot har vi begge heile tida sagt tvert nei til ei slik avtale, opplyser Astrid Lid i ein e-post. Lid vil presisere at Hofseth og selskapet hans, aldri har fått noko munnleg signal om at avtale nokon gong ville bli inngått.